



Tore Eugen Hansen
Holsbergstien 68
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/434 - 22/10504

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
04.02.2022

Klage på fastsatt gebyr samt søknad om redusert gebyr vert avslått - GBNR 310/213 Holme

Administrativt vedtak: **Saknr: 136/22**
Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 310/213
Tiltakshavar: Tore Eugen Hansen
Ansvarleg søkjar:

VEDTAK:

Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Meland kommune, føresegn 4.12, vert søknad om redusert gebyr avslått.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Tiltakshavar Tore Eugen Hansen har i brev datert 27.01.2022 klaga på fakturert saksbehandlingsgebyr for løyve til oppføring av hagestove på gbnr. 310/213 i vedtak datert 28.02.2020. Tiltakshavar har i sin klage anført følgjande:

1. Tiltakshavar meiner at gebyret bør stilast etter gebyrregulativ for Meland kommune 2019 ettersom søknad om løyve vart motteke 29.11.2019 i tidlegare Meland kommune.
2. Tiltakshavar viser til at det i gebyrregulativ for Alver kommune 2021 (vedteke av Alver kommunestyre 17.12.2020, gjeldande frå 01.01.2021) pkt. 4.9 kan søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt.

Vurdering

Det følger av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

1. Bruk av riktig gebyrregulativ

Når det gjeld tiltakshavar si merknad om at det skal fakturerast etter gebyrregulativ for Meland 2019, så er kommunen samd i dette, og det er dette som er blitt gjort i saka.

Kommunen har fakturert følgjande gebyr i saka:

Søknadspålitige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	8 300	8 300
	Totalt gebyr å betala:			8 300

Gebyret er fakturert i samsvar med Meland kommune si lokale forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for 2019. Forskrifta er vedteke av Kommunestyret i Meland den 12.12.2018 og gjeld frå 01.01.2019, og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av saksbehandlingsgebyr innanfor tekniske forvaltningstenester for alle saker som er motteke i 2019.

Utklipp av gebyrregulativ for Meland kommune 2019:

10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

		2018	2019
10.3.1	Basisgebyr	8 100	8 300
	Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2		
	Oppføring, Endring og reparasjon. Riving.		
	Tilbygg < 50 m ² .		
	Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom, < 70 m ² .		
	Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom.		
	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafør ei brukseining.		
	Driftsbygning i landbruket < 1000 m ²		
	Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 m ²)		
	Midlertidige bygningar/ konstruksjonar/anlegg inn til 2 år		

2. Søknad om redusert gebyr

Faktura for handsaming av byggesøknad vart motteke av tiltakshavar den 07.01.2022. Klaga vart motteke kommunen den 27.01.2022. Administrasjonen finn difor grunnlag for å vurdere klaga som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativ for Meland pkt. 4.12 (pkt. 4.9 i gebyrregulativ for Alver kommune 2021 som tiltakshavar viser til).

Begge regulativa opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr «når særlege grunnar ligg føre». Fristen for å søkje er 3 veker etter at faktura er motteke.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Det er ikkje ført timelister for behandlinga av søknaden. Gebyret er fastsett på bakgrunn av det gjeldande gebyrregulativet, her gebyrregulativ for Meland kommune 2019. Det er såleis vurdert at tiltaket ligg innanfor dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har ved behandling av slike saker.

Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Heller tvert i mot så er gebyrfastsetjinga å tråd med det klagar ønsker.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Eugen Hansen

Holsbergstien 68

5918

FREKHAUG